



Tore Holger Jæger
Rådalslien 115
5239 RÅDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1482 - 18/14802

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:
29.06.2018

Du kan bli pålagt å rydde opp på gbnr. 22/85

Meland kommune varslar med dette at vi vurderer å påleggje deg som grunneigar å rydde på eigedommen, gnr. 22, bnr.85. I dette brevet finn du informasjon om kva du kan gjere for å unngå pålegg.

27.06.2018 var kommunen på synfaring på eigedommen din, gbnr. 22/85. Vi registrerte då ulovleg forsøpling på eigedommen. Dette bestod mellom anna av knust glas, knuste tallerkar og koppar og verktøy, sjå vedlagte foto.

Varsel om pålegg

Vi vil påleggje deg å rydde opp dersom vi ikkje **innan 23.07.2018** har fått ei skriftleg tilbakemelding frå deg med opplysningar om at du allereie har rydda opp. Heimelen for pålegget er forureiningslova § 37 første ledd.

Forsøplinga er i strid med forureiningslova § 28, som har eit forbod mot forsøpling. Avfallet som vart registrert på eigedommen kan vere til skade eller ulempe for miljøet. Det vart mellom anna funne ein del knust glas på eigedommen. Dette er avfall som både barn og dyr kan skade seg på. Eigedommen ligg rett ved eit stort bustadfelt og er lett tilgjengeleg for barn.

Kva kan du gjere no?

For å unngå pålegg må du gjere følgjande:

- fjerne avfallet/gjenstandane som ligg rundt huset
- sende oss ei skriftleg tilbakemelding til Postboks 79, 5906 Frekhaug/postmottak@meland.kommune.no **innan 23.07.2018** med opplysningar om at du har rydda opp
- Dersom avfallet/gjenstanden skal fjernast: leggje ved ein kopi av kvitteringa for at du har levert avfallet/gjenstandane til eit godkjent mottak

Har du kommentarar?

Har du kommentarar til varselet, kan du sende dei til Meland kommune innan **to veker** etter at du fekk dette brevet, jamfør forvaltningslova § 16.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Foto 1

foto 2

foto 3

Mottakere:

Tore Holger Jæger

Rådalslien 115

5239

RÅDAL